



Meland kommune

Samarbeidsavtale

Avtale mellom Meland kommune og Furefjellet AS om utarbeiding av områderegulering for Dalstø/Mjåtveitstø.

1. Furefjellet AS tek med denne avtalen på seg arbeidet og kostnadane med å utarbeide framlegg til områderegulering for deler av B_8 og B_9 på Mjåtveit.
2. Furefjellet AS engasjerer Ard arealplan AS til å utføre planarbeidet innafor dei rammer som er fastsett av Meland kommune og i samsvar med plan- og bygningslova. Furefjellet AS har det fulle økonomiske ansvaret i høve til arbeidet som Ard arealplan AS eller andre konsulentar utfører.
3. Furefjellet AS vil i den daglege kontakten med Meland kommune vere representert ved Ard arealplan AS.
4. Meland kommune sin sakshandsamar vil følgje planarbeidet. Denne medarbeidaren skal i hovudsak kommunisere med Ard arealplan AS som prosjektansvarleg hos Furefjellet AS for utarbeiding av områderegulering og samordning av partane.
5. Det vert oppretta eit prosjektstyre på leiarnivå der kommunen og Furefjellet AS, eller dei Furefjellet AS peiker ut er representert. Prosjektstyret skal i all hovudsak handsame saker der det oppstår usemje mellom prosjektleiar i Ard arealplan AS og kommunen sin medarbeidar i planarbeidet.
6. Det skal utarbeidast ein møtестruktur med tilhøyrande møteplan som skal sikre framdrift og styring av prosessen. Det er eit mål at områdeplanen skal verta godkjent innan 31.12.2019. Framdriftsplanen og oversikten over arbeidsoppgåvene er retningsgjevande for Meland kommune og Furefjellet AS.
7. Det kan ikkje påreknast kommunal medfinansiering av teknisk infrastruktur. Krav om utbyggingsavtaler vert ein del av planføresegnene i områdereguleringa.
8. Det vert ikkje rekna gebyr for saksbehandling av områderegulering. For delområder som vert detaljert i samsvar med punkt 9 i denne avtalen, skal Furefjellet AS dekke kommunen sine kostnader knytt til behandling av desse. Kostnadene vert fastsett i samsvar med pkt. 7.2.2 og 7.2.3 i Meland kommune sitt gebyrregulativ. Det vert fakturert for 1. stk basisgebyr jf. 7.2.2. for heile områdeplanen.

02.10.2017

9. Reguleringa vert gjennomført med ulik detaljeringsgrad slik at ein for ein skilde delområde kan gå rett på rammesøknad.
Det heilskaplege plangrepet skal vere avklart før detaljering av enkeltområda vert innarbeidd i planen.
10. Alt planmateriale som vert utarbeidd, medrekna utgreiingar og kartleggingar, er både Meland kommune og Furefjellet AS sin eigedom, og kan fritt disponerast av begge partar. Alt skriftleg materiale (tekst) skal oversendast i Word-format i tillegg til evt. andre format (redigerbare) ein ønskjer nytte for framstillinga. Plankart skal følgje nyaste SOSI-standard.
11. Avtalen mellom Meland kommunen og Furefjellet AS bind ikkje opp den politiske handsaminga av planframlegget. Den gjev heller ikkje garanti for at løysingane kan akseptrast av statlege eller regionale mynde med rett til motsegn.
12. Denne avtalen gjeld fram til endeleg planvedtak i Meland kommune.

Stad, dato:

2/10 2017

Fredrik Selvigsen
Furefjellet AS



Meland kommune